

Fra: Guro Klyve (Guro.Klyve@hfk.no)
Sendt: 26.08.2014 15:31:26
Til: rune.thorkildsen@helse-fonna.no
Kopi:

Emne: Skøyte - Bakkaviddo
Vedlegg: PDF_20140826142028.pdf;185-222 Grunnboksutskrift.pdf

Hei.

Vi viser til avtale om makeskifte mellom Hordaland fylkeskommune (HFK) og deg. Avtalen vart signert av deg den 15.05.13 og av HFK den 29.05.13.

Beitearealet «Bakkaviddo» vart for kort tid sidan oppretta som ei ny matrikkeleining, og vedlagt følgjer skøyte på gnr 185 bnr 222, jf. punkt 5 i avtalen om makeskifte.

På gnr 185 bnr 222 er det tinglyst pengehefte som er overført frå hovudbruket, gnr 185 bnr 2. Sjå vedlagte utskrift frå grunnboka. Det er avtalt at gnr 185 bnr 222 skal vere fri for pengehefte, og vi vil følgje opp dette og innhente erklæringar fra Friluftsrådet Vest, Hytteutvalet ved Valen sjukehus, Helse Fonna HF og Valen Kraftverk AS for å få dei aktuelle hefta sletta for bnr. 222. Vi vil òg ta kontakt med Innovasjon Norge for å få pantedokument stort kr. 6.500.000 sletta for bnr 222.

Skøytet

I punkt 3 i skøytet er salsverdien fylt ut, og denne byggjer på mottekne opplysningar om marknadspris på landbruksareal i dette området.

Kjetil Emmerhoff, som no er heimelshavar, skal signere nederst på side 1 (utferdars underskrift), og på side 2 i punkt 9. Dato må òg fyllast inn. I tillegg må 2 vitne stadfeste underskrifta hans på side 2.

Når hefta er sletta sender du skøytet i 2 eksemplar, saman med vedtaket om konsesjon, til:

Statens kartverk

Tinglysing

3507 Hønefoss

Som det går fram av punkt 5 i nemnde avtale, opphøyrer leigeavtalen mellom HFK og deg ved gjennomføring av makeskiftet.

Vi vil kort tid etter at skøytet er tinglyst sende inn signert erklæring frå deg om sletting av hefte frå 16.02.1942 (Rett til utskilt tomt).

Venleg helsing

Guro Klyve
Hordaland fylkeskommune
Eigedomssesksjonen
Postboks 7900
5020 Bergen
Tlf. 55239513